

**AVGJERD I EØS-KOMITEEN  
nr. 164/2014**

164-2015n

av 25. september 2014

**om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve)**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla "EØS-avtala", særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Kommisjonens gjennomføringsavgjerd 2014/12/EU av 14. januar 2014 om endring av avgjerd 2010/221/EU med omsyn til nasjonale tiltak for å hindre innføring av visse sjukdommar hjå vassdyr i delar av Irland, Finland, Sverige og Det sameinte kongeriket<sup>(1)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Denne avgjerda gjeld føresegner om veterinære tilhøve. Føresegner om veterinære tilhøve skal ikkje gjelde for Liechtenstein så lenge avtala mellom Det europeiske fellesskapet og Det sveitsiske eidssambandet om handel med landbruksprodukt er utvida til å omfatte Liechtenstein, som nemnd i tilpassing etter sektor i vedlegg I til EØS-avtala. Denne avgjerda skal difor ikkje gjelde for Liechtenstein.
- 3) Vedlegg I til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

*Artikkel 1*

I vedlegg I til EØS-avtala kapittel I del 4.2 nr. 94 (kommisjonsavgjerd 2010/221/EU) skal nytt strekpunkt lyde:

”– **32014 D 0012**: Kommisjonens gjennomføringsavgjerd 2014/12/EU av 14. januar 2014 (EUT L 11 av 16.1.2014, s. 6).”

*Artikkel 2*

Teksta til gjennomføringsavgjerd 2014/12/EU på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

*Artikkel 3*

Denne avgjerda tek til å gjelde 26. september 2014, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn(\*).

*Artikkel 4*

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utfjerda i Brussel 25. september 2014.

For EØS-komiteen

**Kurt Jäger**

Formann

<sup>(1)</sup> TEU L 11 av 16.1.2014, s. 6.

(\*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.